



Elisabeth Fauskanger leiar sundagsskularbeidet

Nelly Kjærland er igang med eit nytt prosjekt. Dei som kjem på eit av arrangementa måndag vert invitert til å setta att avtrykket av den ein foten sin og alle avtrykka skal til slutt verta ein heilskap i bedehuskjellaren.

- Teppet som skal hengjast opp i kjellaren skal symbolisera fellesskapet i barnearbeidet vårt, seier Nelly til uskedalen.no For nokre år sidan gjennomførte ho eit prosjekt med handavtrykk.



Nelly er glad for å kunne melde at KV har sagt seg villig til å sy saman bitane med fotavtrykk.

Dette er handavtrykka, no kjem turen til føttene!

Det vert ein kveld full av aktivitet måndag og sentralt i programmet vil Elisabeth Fauskanger stå. Ho er sjef for sundagsskulen i vårt distrikt og vil også bli med i Hobbyklubben etterat tånagentane og gullivergjengen har gjort sitt. Det opplegget er for dei frå 3 år til fjerdeklassa.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen